

Innspelspunkt fra butikkane Svanøy, Tansøy, Batalden, Stavang og Rognaldsvåg vedrørende samfunnsplanen til Kinn kommune.

Vi viser til høyringsfrist for å gi innspel til samfunnsdelen i kommuneplanen, og tillet oss å komme med samla innspel på vegne av butikkane på øyane og i Stavang.

Det er forskjellar på lokalsamfunna våre, men og mange fellesnevningar som gir samme utfordringar. Vi er ein viktig del av vareforsyninga, og vi er viktige som «nav» i lokalsamfunna våre. Som butikkar har vi allereie eit godt samarbeid oss imellom, og det samme har vi med Kinn kommune gjennom avtaler som kommunale servisepunkt.

I skjeringspunktet små og sårbare lokalsamfunn og butikkar under press, og kommunen sine utfordringar knytta til folketallsutvikling og demografiske endringer kan butikkane med dei rette grepa ha ei viktig rolle. Til liks med dei fleste andre kommunar står Kinn kommune framfor utfordringar knytta til demografi som kan bli utfordrande på mange måtar, også økonomisk. Prognoser er prognoser, men SSB sitt anslag for planperioden indikerer befolkningsreduksjon i alle segment bortsett fra 65+ som kan vekse med knapt 40% i perioden. Dersom dette anslaget sler inn vil konsekvensen være reduserte skatteinntekter og statlege overføringar fordi antall innbyggjarar er eit sentralt parameter, og kostnaden til helse- og omsorg vil få ein kraftig vekst fordi andelen som mottek omsorgstjenester stig kraftig med alder.

Eit attraktivt lokalsamfunn med gode sosiale møteplassar der folk trivst er viktig for å få folk til å bu her og bremse fråflytting, og ikkje minst kunne bu lenger heime. Det er ein sammenheng mellom livskvalitet, einsemd og psykisk helse, og det er ein sammenheng mellom psykisk helse og utvikling av sjukdom/sjukdomsforløp som medfører kommunal ressursbruk.

Butikken er navet i lokalsamfunna våre, gjennom nødvendige varer og tjenester men og som sosial møteplass. Å legge til rette for at butikkane framleis eksisterer i eit tidsperspektiv som planperioden kan difor være eit viktig element, som samstundes er god samfunns- og kommuneøkonomi.

Lokalsamfunna våre med og utan butikken er to forskjellige scenarier når det gjeld bulyst og attraktivitet, både for fastbuande men og for ferie- og fritidssegmentet. Ferie- og fritid er heilt sentralt markedssegment, og er ein viktig grunn til at det er mogleg å opprettholde butikkdrifta.

Gjennom avtaler som kommunale servisepunkt har vi allerede eit velfungerande samarbeid med Kinn kommune, som vi ønskjer å utvikle vidare. Vi tillet oss difor å invitere til eit dialogmøte med kommunen om tema butikkane si rolle inn mot samfunnsdelen i kommuneplanen, og korleis vi kan møte desse utfordringane i fellesskap. Gjennom tett dialog vil det være enklare å finne gode løysingar og verkemiddel.

Med vennleg helsing

Magne Svardahl - Nærbutikken Tansøy
Hans-Jacob Sunde - Nærbutikken Rognaldsvåg
Lisa Myklebust – Nærbutikken Svanøy
Hildur Kristi Horne SørDAL – Nærbutikken Stavang
Trond Økland – Nærbutikken Batalden